



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
BYGG-20/00314-43	15.02.2023	18148/2023/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	28.03.2023

Vestnes kommune - offentlig ettersyn - detaljregulering - reguleringsplan for Sjøgata 17 - gbnr 46/56 - fråsegn 2. gongs offentlig ettersyn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld detaljregulering for Sjøgata 17 som er sendt på 2.gongs høyring og lagt til offentlig ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

I vår uttale ved 1. gongs offentlig ettersyn hadde vi merknader knytt til at prosjektet kunne vere med på å sette utilsikta premisser for den vidare utviklinga av området, og tilhøve for barn og unge. Etter vårt syn er desse innspela no tatt i vare.

Automatisk freda kulturminne

Vi har ingen merknadar til automatisk freda kulturminne på land, men viser til vårt brev av 17.02.2022 og minner om at NTNUs uttale om marine kulturminne må tas inn i planføresegna.

Universell utforming

Universell utforming er utforming av omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttas av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell

utforming. Nærmiljø er ein viktig arena for leik, møte naboar, skape trivsel og tillit, og utforming av nabolag kan vere med på å leggje til rette for økt sosial kapital. Nokre tips til universelt utforma uteareal kan ein finne i dette heftet; [Opparbeidet uteareal - universell utforming. Kartlegging, tips og råd.](#)

KONKLUSJON

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til før sluttbehandlinga av saken.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog/rådgivar Signe Marie Midtgård, tlf. 907 80 287
Marine kulturminne: arkeolog/rådgivar Staale Normann, postmottak@ntnu.no

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
NVE